

Førde, 19.11.2018

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Utvik Elektrisitetsverk – Søknad om ny alternativ kraftstasjonsplassering for nye Utvik kraftverk i Stryn kommune, Sogn og Fjordane**

Vi viser til søknaden som vi fekk tilsendt på avgrensa høyring pr. E-post i dag 19.11.2018.

Fråsegna vår av 02.10.2018 gjeld framleis så langt den passar.

### **Kommentarar til planane om den alternative kraftstasjonsplasseringa:**

For anadrom fisk er den nye kraftstasjonsplasseringa ei forbetring, og vi har ingen merknader til den.

Vi ser av foto og tekst i søknaden at den nye plasseringa er noko utfordrande anleggsteknisk. Veggane i kraftstasjonsbygningen truleg må lagast i armert betong. Men viss ein gjer det, og fyller massar inntil veggane på 3 sider og ryddar godt opp, så vil kraftstasjonsplasseringa bli veldig god, og lite synleg. Kanskje kan ein legge ei steinplastring heilt eller delvis oppover den kraftstasjonsveggen som vender mot elva også? Både for å verne veggen mot nye flaumar, og for utsjånaden si skuld?

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på saka:**

Sogn og Fjordane Turlag er positive til konsesjonssøknaden også etter planendringa. Men vi viser framleis til synspunkta våre i fråsegna av 02.10.2018 om høgre minstevassføring om sommaren og om eventuell omløpsventil.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)